

# Rådgjevingstilbødet til Team småfe i Nortura



Foto: Knut Sygnestveit



**Nortura**  
bondens selskap

# Team småfe

Team småfe i Nortura består av dyktige rådgjevarar med allsidig praktisk og teoretisk kunnskap om sau. Jobben vår er å vera kontaktpunkt mellom småfebonden og Nortura. Ta kontakt med oss! Vi er aldri meir enn ein telefon unna.

Vi skal også hjelpe småfebonden til eit best mogleg økonomisk resultat på garden gjennom god rådgjeving i samarbeid med resten av verdikjeda i Nortura. Nedanfor finn du fagtilboda til Team småfe med prisar pr 1. januar 2015:

## Grupperådgjeving

Den viktigaste rådgjevingsarenaen for Team småfe er ulike former for grupperådgjeving. Med få rådgjevarar og mange medlemmer er dette den mest effektive måten å treffe mange medlemmer på. Grupperådgjeving legg også tilhøva til rette for faglege diskusjonar mellom gode kollegaer, noko som bidreg til eit godt lokalt fagmiljø. Vi kan tilby grupperådgjeving innanfor fagfelt:

- Fôrdyrking, fôrkonservering, fôring og beitebruk
- Økonomi
- Avl i bruksbuskapen
- Førebyggjande helsearbeid
- Hus og driftsopplegg
- Ullkvalitet og ullbehandling

I samband med lammesesongen arrangerer vi også informasjonsmøte og slakteridagar for medlemmene våre. Grupperådgjevinga til Team småfe blir ofte arrangert i samarbeid med andre lag, organisasjonar og næringsdrivande med interesse for sau.

Pris pr eksternt møte: kr 2.500 + reise



Foto: Siv Karl Svendsen Nordseth

## Fagbibliotek på Internett

Team småfe har eigne heimesider på Internett: <http://medlem.nortura.no/smaafe/>. Her kan Nortura-medlemmene logge seg inn og finne aktuelle fagartiklar, tips og råd i eit fagbibliotek sortert på fagtema. Vi har også stoff frå fleire Visningsfjøs frå heile landet der medlemmer som har bygd- eller skal bygge sauefjøs, fortel om erfaringane sine.

Pris: Gratis

## Saukontrollen

Saukontrollen er det landsomfattande registrerings- og rapporteringsverktøyet for sau i Noreg. Data frå Saukontrollen gjev oversikt over produksjonen og difor grunnlag for å bli ein betre sauebonde. Saukontrollen leverer også data til det nasjonale avlsarbeidet for sau i Norsk Sau og Geit og til ei lang rekke forskingsprosjekt som skaffar ny kunnskap til sauebonden. Team småfe har ansvaret for lokal drift av Saukontrollen for Nortura sine medlemmer. Vi tilbyr brukarstøtte på ulike nivå:

- Brukarstøtte og fagleg rådgjeving når bonden registrer data direkte på Saukontrollen si Internettside (Web-versjonen)
- Brukarstøtte og fagleg rådgjeving når bonden registrer i eige program (LED-sau)
- Registrering frå lister tilsendt frå bonden og fagleg rådgjeving (Rådgjevar-registrering)

Nye medlemmer i Nortura sin Saukontroll får fyrste året gratis. Nye medlemmer med nybrukarpakke får Saukontrollen gratis i to år.

Type medlem	Webversjon	Led-sau	Rådgjevarregistrering
Medlemmer t.o.m. 30 sau - registrering - kvalitetskontroll - brukarstøtte medlem	Grunnavgift kr 450 + kr 16 per sau som lammar	Grunnavgift kr 450 + kr 16 per sau som lammar	Grunnavgift kr 450 + kr 25 per sau som lammar
Medlemmer 31 sau og meir - registrering - kvalitetskontroll - brukarstøtte medlem	Kr 950	Kr 950	Grunnavgift kr 850 + kr 12 per sau som lammar



## Bygggrådgjeving

Det vil alltid vera behov for ombygging eller nybygging av sauefjøs og rasjonalisering av driftsopplegget for den som vil satse og utvikle seg som sauebonde. Team småfe ynskjer å vera ein god, nøytral samarbeidspartnar i slike prosessar og kan tilby bygggrådgjeving på ulike nivå:

- Byggskisse med planteikningar med kostnadsoverslag bygd på normal.
- Bygggråd med fasadar, plan- og snitt-teikningar tilpassa brukaren sine ynskje og behov, med ventilasjons- og gjødselutrekningar. Vi lagar da eit kostnadsoverslag for

prosjektet som også kan brukast til å hente tilbod frå leverandørar. Bygggråd kan brukast til ein byggesøknad til kommunen og finansieringssøknad til Innovasjon Norge.

Prisar:

Byggskisse utan besøk: kr 2.500

Byggskisse med besøk: kr 5.000

Bygggråd utan besøk: kr 10.000

Bygggråd med besøk: kr 13.000

### Driftsplan

I samband med utbygging av garden og store omleggingar av drifta, vil det vera behov for å lage ein driftsplan for å få god oversikt over økonomien i prosjektet. Team småfe kan tilby å lage driftsplan med alle økonomiske nøkkeltal som skal til for å sende ein søknad til Innovasjon Norge.

Pris: kr 5.000

### Ultralydmåling av kjøtt og fett på livdyr

Ultralydmål av høgda av muskelen og feittlaget på ryggen gjev eit godt bilete av slaktekvalitets- eigenskapane til eit lam. Vi tilbyr difor ultralydmåling av både søyelam og vêrlam og rådgjeving om utplukk av gode avlsdyr for god slaktekvalitet.

Pris: kr 500 pr time (minstesats)

### Driftsrådgjeving

Team småfe kan også tilby medlemmene våre eit rådgjevings- besøk med ein generell gjennomgang av drifta. Medlemskap i Sauekontrollen er da ein stor fordel for å gjera besøket mest mogleg konkret og matnyttig. Alle som får driftsrådgjeving vil få ein rapport med dei råd og tiltak som bonden og rådgjevar- en vart einige om.

Pris: kr 1.500



Team småfe skal vera eit av dei viktigaste verktøya for sauebonden i Nortura.  
Visjonen for jobben vi gjer er:

**BEST PÅ SAU, SAMMEN MED OSS!**